



Lis Mølmesdal Larsen
levegen 187
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1931 - 18/14901

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
02.07.2018

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbnr. 49/36, 49/134, 49/135 og 49/136

Saka gjeld

Meland kommune har 06.09.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om framandelement i septiktanken på egedommen gnr. 49, bnr. 36, 134, 135, 136.

Meland kommune fekk melding om same mangel den 24.06.2015. Du vart i brev datert 15.07.2016 gitt ein frist for å fjerne framandelementet i septiktanken. Frist for arbeidet vart satt til seinast neste tømning, som var i 2017. Meland kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg, og handsamer saka på bakgrunn av dette.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 17.09.2018**: Retting må skje ved at framandelement i septiktanken blir fjerna. For å fjerne framandelement i septiktanken må du kontakte eit godkjent røyrleggjarføretak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når framandelementet i septiktanken er fjerna.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg deg å fjerne framandelementet i spetiktanken din i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 17.09.2017**.

Tilbakemelding

Når septiktanken er reparert, må du og eventuelle sameigarar fylla ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å fjerne framandelementet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Lis Mølmesdal Larsen	levegen 187	5917	ROSSLAND
Roger Gravelsæter	levegen 177	5917	ROSSLAND
Thomas Mjelde	levegen 179 A	5917	ROSSLAND
Trond-Ove Rikstad	levegen 181	5917	ROSSLAND